



Valle kommune

Planstrategi 2024 - 2027

Vedteke i kommunestyret 25.09.2024, sak 97/24


Innhald

1. BAKGRUNN	2
1.1 Om kommunal planstrategi.....	2
1.2 Planstrategien for Valle kommune 2024 – 2027	2
1.3 Kommunens utviklingstrekk/ kunnskapsgrunnlaget.....	2
2. NASJONALE OG REGIONALE FØRNGAR	3
2.1 Nasjonale forventningar til planlegging 2023 – 2027	3
2.2 FNs berekraftmål og 2030 – agendaen	3
2.3 Regionplan Agder 2030	3
2.4 Andre statlege/nasjonale føringar og retningslinjer	4
2.5 Andre regionale føringar	4
3. FOKUSOMRÅDE.....	4
3.2 Berekraftig utvikling som gjennomgåande prinsipp	5
4. FRAMDRIFTSPLAN	5
5. VURDERING AV PLANBEHOV 2024 – 2027.....	6
5.1 Vurdering av behov for ny kommuneplan	6
5.2 Anna planbehov	6
5.3 Ikkje prioriterte planar.....	8
5.4 Planar som vart reviderte og fullførte i førre periode 2020 – 2023.....	9
6. STATISTIKK OG UTVIKLINGSTREKK HENTA FRÅ.....	10
7. VEDLEGG	10

1. BAKGRUNN

1.1 Om kommunal planstrategi

Planstrategien skal gjeve ein oversikt over planer kommunen vil utarbeide eller revidere i løpet av perioden. Dette gjeld alt av sektorplanar innan helse, omsorg, oppvekst, folkehelse og så vidare. Planstrategien skal og ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, og eventuelt kva for delar av kommuneplanen som skal reviderast. Planstrategien skal gjere greie for kommunen sine utfordringar og utviklingstrekk, og vurdere behovet for planar i ljøs av dette. Men planstrategien er ikkje ein plan, og skal difor ikkje vere ein arena for å vedta mål og strategiar. Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi hente inn synspunkt frå statlege og regionale styresmakter og nabokommunar.



Figur 1: Samanhengen mellom kommunal planstrategi og andre kommunale planar.

Kjelde: Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sin vegleiar for planstrategi.

1.2 Planstrategien for Valle kommune 2024 – 2027

Valle kommune har valt å dele opp planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunal planstrategi i to dokument. I fyrste omgang er det utarbeidd planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og ein planstrategi, for å oppfylle lovkrav om å vedta kommunal planstrategi innan eitt år fetter konstitueringa av kommunestyret. I planstrategien er det viktigast å avklare om kommuneplanen sin samfunnsdel skal reviderast. Utanom dette er dei strategiske og overordna planane som ein skal kome i gang med i 2024, også tekne med. Etter at kommuneplanen sin samfunnsdel er vedteken, vil det bli gjort ei vurdering av utvida planbehov for kommunestyreperioden. Kommunen har valt å utarbeide planstrategien som eit eige dokument, for ein meir oversiktleg prosess ved neste revisjon.

1.3 Kommunens utviklingstrekk/ kunnskapsgrunnlaget

Ifølgje plan- og bygningslova bør planstrategien omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling. For Valle kommune blir viktige trekk i samfunnsutviklinga reflekterte i ein oversikt vedlagt i eige dokument, samt vedlagt folkehelseprofil frå folkehelseinstituttet (FHI).

2. NASJONALE OG REGIONALE FØRNGAR

2.1 Nasjonale forventningar til planlegging 2023 – 2027

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. I dei nasjonale forventningane for 2023-2027 legg regjeringa vekt på 2030-agendaen, der Noreg har slutta seg til 17 mål for å fremje ei sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Dei fem overordna perspektiva i 2030-agendaen er utgangspunkt for dei nasjonale forventningane; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla, gjennom følgjande hovudtema:

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap

2.2 FNs berekraftsmål og 2030 – agendaen



I 2015 vart 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla vedtekne i alle FNs medlemsland. Berekraftsmåla utgjer det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Noreg spelar ei aktiv rolle i oppfølginga av måla internasjonalt.

2.3 Regionplan Agder 2030

Regionplan Agders hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Regionplan Agder 2030 har fem tema som skal vere hovudsatsingsområde fram mot 2030:

- Attraktive og livskraftige byar, tettstader og distrikt
- Verdiskaping og berekraft

- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

Ei god gjennomføring av Regionplan Agder føreset at fylkeskommunen, kommunane, regional stat og andre aktørar forankrar oppfølginga i eigne styringsdokument og budsjettprosessar.

2.4 Andre statlege/nasjonale føringar og retningslinjer

- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging

2.5 Andre regionale føringar

- Regional plan for mobilitet
- Folkehelsestrategi for Agder 2018-2025
- Frivilligstrategi for Agder 2022-2030
- Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald på Agder 2015-2027
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder 2022-2027
- Energiplan for Agder
- Regional plan for innovasjon og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030
- Kompetansestrategi Agder 2030

3. FOKUSOMRÅDE

I Valle kommune har vi gjennomført grundige analysar og politisk arbeidsverkstad for å identifisere dei mest relevante fokusområda for komande planperiode. Basert på denne prosessen har vi valt ut fire hovudfokusområde: folkehelse, bulyst, arbeidsplassar og beredskap.

Folkehelse:

Folkehelse er ein kjernekomponent i eit samfunn som ynskjer å fremje trivsel og livskvalitet for alle innbyggjarane. Ved å fokusere på folkehelse kan vi leggje til rette for sunne og trygge levevanar, førebygge fysisk og psykisk sjukdom, redusere utanforskapet og få ned helseforskjellar i befolkninga. Dette bidreg til å skape eit meir robust og inkluderande lokalsamfunn.

Bulyst:

Å skape eit attraktivt og triveleg nærmiljø er avgjerande for å sikre at innbyggjarane trivst og ønskjer å bu og leve i vår kommune på lang sikt. Ved å leggje til rette for gode bustadområde, grøntareal, kulturtilbod og nærleik til nødvendige tenester, kan vi auke bulysta og styrkje tilhøyrsele til lokalsamfunnet. Valle kommune ynskjer å redusere utflytting av unge. Dette er

viktig for å imøtekomme utfordringar knytte til SSBs framskriving om redusert bereevne.

Arbeidsplassar:

Å tryggje eit mangfaldig og robust næringsliv er avgjerande for å skape arbeidsplassar, styrkje økonomien og fremje lokal verdiskaping. Ved å leggje til rette for etablering av nye bedrifter, kompetanseutvikling og tilgang til infrastruktur, kan vi stimulere til vekst og utvikling i næringslivet og tryggje sysselsetting for våre innbyggjarar. I ei satsing på arbeidsplassar er kompetanse ein sentral faktor. Fokus på utvikling av ferdigheiter og kunnskapar blant innbyggjarane, kan skape eit dynamisk og innovativt næringsliv som kan møte framtidens utfordringar.

Beredskap:

Ei av dei absolutt viktigaste oppgåvene for ein kommune er å skape tryggleik for innbyggjarane. God beredskap er avgjerande for å handtere uføresette hendingar og kriser på ein effektiv og trygg måte. Ved å styrkje beredskapsarbeidet kan vi redusere sårbarheita i samfunnet og bidra til å verne liv, helse og verdiar i tilfelle av katastrofar, ulukker eller andre uføresette situasjonar. Infrastruktur er ein viktig del av beredskapen. Eit velfungerande nettverk av naudsynnte ressursar og infrastruktur er nødvendig for å handtere uføresette hendingar og kriser på ein effektiv og trygg måte.

3.2 Berekraftig utvikling som gjennomgåande prinsipp

Det er viktig å merke seg at sjølv om berekraft ikkje er eit eige satsingsområde, er prinsippa for berekraft gjennomgåande i alle våre fokusområde. Berekraftig sosial-, miljømessig- og økonomisk utvikling er ein grunnleggjande premiss for alt vi gjer, og vi vil kontinuerleg integrere berekraftsperspektivet i planlegginga og avgjerder for å sikre ein levedyktig og framtidsretta kommune for komande generasjonar.

4. FRAMDRIFTSPLAN

Planstrategien for 2024–2027 tek først og fremst sikte på at kommuneplanens samfunnsdel skal reviderast, samt at enkelte strategiske overordna planar kjem i gong i 2024. Etter at kommuneplanens samfunnsdel er vedteken, vil det bli gjort ei vurdering av utvida planbehov for kommunestyreperioden. Planstrategien må då reviderast.



Figur: Forenkla framdriftsplan av prosess frem mot vurdering av øvrig planbehov, sett i samanheng med revidering av samfunnsdel.

5. VURDERING AV PLANBEHOV 2024 – 2027

Planbehovet skal, ifølgje plan- og bygningslova, vere behovsstyrt og tilpassa kommunen sin situasjon og utfordringar.

5.1 Vurdering av behov for ny kommuneplan

Det er fleire grunnar til at samfunnsdelen bør reviderast i planperioden. For det første, nokon mål, strategiar og føringar i gjeldande samfunnsdel gjer det utfordrande å bruke planen som eit godt styringsdokument. I tillegg byrjar den gjeldande planen å verte gamal, og den er ikkje oppdatert i tråd med nasjonale forventningar eller regionale føringar og retningslinjer.

Ein oppdatert samfunnsdel vil sikre at kommunen kan handle i tråd med nyare utviklingstrendar og utfordringar, samt ta omsyn til endra rammevilkår og behov i lokalsamfunnet. I arbeidet med den nye samfunnsdelen blir det lagt opp til ei tydeleggjering av kva satsingsområde vi vil prioritere dei neste åra. Dette betyr ikkje nødvendigvis at vi skal fjerne strategiar eller ikkje ta inn nye, men at kommunestyret aktivt skal vurdere kva som må prioriterast for å nå våre mål dei kommande fire åra.

Ein del av denne revisjonen inneber utarbeidinga av ein arealstrategi som ein del av kommuneplanens samfunnsdel. Denne strategien vil vise samanhengen mellom arealbruk og ynskt samfunnsutvikling, og leggje føringar for kommunens framtidige planbehov og for kommuneplanens arealdel. Difor vil både kommuneplanens arealdel og planstrategi krevje revisjon etter at samfunnsdelen er vedteken. Vi føreslår difor at kommuneplanens arealdel skal reviderast og vedtakast i løpet av 2025-26, og denne revisjonen vil ha sitt eige planprogram.

5.2 Anna planbehov

I utgangspunktet kan samfunnsdelen dekke store delar av planbehovet, og bør anna planbehov vurderast etter at samfunnsdelen er vedteken, som vist i figuren over. Tabellen nedanfor gjev ein oversikt over planar som det vert arbeidd med, eller som skal vidareførast i inneverande politiske periode.

Plan	2024	2025	2026	2027	Merknad
Overordna planar					
Kommuneplanens samfunnsdel	X	X			Oppstart haust 24
Kommuneplanens arealdel		X	X		Oppstart 2025 - 26
Heilskapleg plan for oppvekst				X	Revisjon
Heilskapleg plan for pleie- og omsorg			X		Revisjon
Handlingsprogram, budsjett og økonomiplan	X	X	X	X	Reviderast kvart år
Hovudplan for vatn og avlaup				X	Revisjon
Kommunedelplan Brokke	X	X			
Temaplanar					
Førebyggjande plan for barn og unge	X				Vedtatt i 24, årleg revisjon av handlingsdel
Bustadpolitisk plan	X				Pågår
Plan for kultur, idrett og fysisk aktivitet			X		Tilpassa ferdigstilling av kulturhus
Kommunedelplan for løyper			X		
Berekraft og klimaplan					Integrert i ny kommuneplan
Plan for kommunal kriseleiing	X	X	X	X	Årleg rullering
Beitebruksplan			X		Ny
Interkommunale planar					
Heilskapleg ROS plan for Setesdal	X			X	Pågåande

5.3 Ikkje prioriterte planar

Planar som ikkje blir prioriterte denne perioden, delvis fordi fleire tema og planar kan bli inkluderte som ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen. Desse er lista opp under:

- Smittevernplan
- Pandemiplan
- Ruspolitisk handlingsplan
- Plan for kulturminne
- Næringsplan
- Trafikktryggleikplan

5.4 Planar som vart reviderte og fullførte i førre periode 2020 – 2023

Plan	2020	2021	2022	2023	Merknad
Overordna planar					
Heilskapleg plan for oppvekst		X			Vedtatt i 22
Heilskapleg plan for pleie- og omsorg		X			Vedtatt i 21
Økonomi og handlingsplan	X	X	X	X	Årleg rullering
Hovudplan for vatn og avlaup				X	Vedtatt i 23
Temaplanar					
Berekraft og klimaplan					Ikkje prioritert
Trafikktryggleiksplan				X	Vedtatt i 23
Plan for kulturminne – Rotfest framtid	X				Vedtatt i 20
Bustadpolitisk plan				X	Forventa vedtak i 24
Plan for idrett og fysisk aktivitet					Ikkje prioritert
Motorferdsleplan	X				
Kommunedelplan for løyper					Ikkje prioritert
Ruspolitisk handlingsplan	X				Vedtatt i 2020
Plan for kommunal kriseleiting	X	X	X	X	Årleg rullering
Interkommunale planar					
Heilskapleg ROS plan for Setesdal	X				Vedtatt i 2020

Digitaliseringsstrategi for Setesdal	X				Vedtatt i 2020
Beredskapsplan for helsetenesta i Bykle og Valle					Ikkje prioritert
Pandemiplan					Vidarefort
Smittevernplan					Vidarefort

6. STATISTIKK OG UTVIKLINGSTREKK HENTA FRÅ

- Agdertall - <https://agdertall.no/>
- Telemarkforsking - <https://regionalanalyse.no/fjell/4221/1/1>
- SSB - <https://www.ssb.no/kommunefakta/valle>

7. VEDLEGG

- Folkehelseprofilen for Valle kommune
- Kunnskapsgrunnlaget for planstrategi og kommuneplan – samfunnsdelen 2024 - 2027

Planstrategi 2024 - 2027



Valle
i Setesdal

Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
